



KURSRAPPORT – JUS 123, vår/2017

KURSANSVARLIG: Bjørn Henning Østenstad

Kursrapporten er utarbeidet den 10. juli 2018 av Bjørn Henning Østenstad

1. FAGLÆRERS GENERELLE VURDERING

a) Praktisk gjennomføring

i. Strukturen på kursopplegget

Som tidlegare år: 2 x 12 timer førelses + repetisjon, 8 arbeidsgruppesamlingar, obligatorisk kursoppgåve og 4 storgruppesamlingar. Førelsingane kjem tidleg i kurset, og det fungerer bra.

ii. Forelesingene

Tre bidragsytarar: kursansvarleg, Ørnulf Rasmussen og Sigrid E. Schütz. Fungerer bra.

Problemstillingar blir skildra på ulike måtar og med ulike ord, men det har studentane godt av å lære seg til å handtere.

iii. Benyttede arbeidsoppgaver – både i arbeids- og storgruppene

Den meir overordna revisjonen gjort før fjarårets kurs, vart då teke vel imot. Oppgåvesetta vart difor i år vidareført med mindre endringar. Det gjaldt også ordninga med éi arbeidsgruppeoppgåve med dobbel ordgrense.

iv. Skriving og kommentering

Ingen særlege merknader.

v. Gjennomføring av arbeids- og storgruppesamlingene

På bakgrunn av evalueringa etter førre kurs, vart det gjort enkelte justeringar i opplegget for storgruppeundervisninga. Mellom anna vart det kommunisert ei klar tidsramme for lengda på studentpresentasjonane. Dette for å få til ein betre balanse mellom presentasjonar og lærarstyrt diskusjon. Under prosedyreøvinga fekk domstolsgruppene tilbod om rettleiing frå storgruppeleiar i pausen.

vi. Obligatorisk kursoppgave

Varierande kvalitet på kommenteringa og enkelte klager frå studentane, der nokre fekk medhald. Det skapar elles misnøye når nokre sensorar legg seg langt over lista for forsvarleg kommentering, medan andre testar ut den nedre grensa. Dette er vanskeleg å få gjort noko med om vi ikkje skal gå ut og be dei som overoppfyller om å gjere ein meir gjennomsnittleg jobb.

vii. Eksamens

Digital eksamen. Ingen problem i samband med gjennomføringa.

Professor Ørnulf Rasmussen hadde ansvaret for å utarbeide oppgåver til avsluttande skuleeksamen, rettleiing til sensorane og å gjennomføre nivåkontroll. Dette på grunn av eit ønske frå den kursansvarlege om å halde god margin til habilitetsreglane. (I relasjon til obligatorisk kursoppgåve, vart det vurdert unødvendig å rokkere.) Sensorane vart gjeve supplerande rettleiing av Rasmussen i samband med nivåkontrollen.



UNIVERSITETET I BERGEN

Det juridiske fakultet

viii. Samarbeid med administrasjonen
Det beste.

- b) Strykprosent og frafall på eksamen
 $F = 1,6\%$. Det var 11 trekk under eksamen, om lag som i fjor.

- c) Karakterfordeling

A: 11,1
B: 30,7
C: 40,2
D: 15,0
E: 1,3
F: 0,6

Reflekterer at det har lukkast å få ganske mange studentar opp på eit bra fagleg nivå. Resultatet er om lag som førre året.

Klagesensuren er ikkje sluttført.

- d) Studieinformasjon og -dokumentasjon
Ingen merknader.

- e) Tilgang til relevant litteratur

God.

Ny utgåve av *Velferdsrett I* kom i handelen først etter at kurset var starta, men dette var det god kommunikasjon rundt, og skapte lite problem

2. FAGLÆRERS VURDERING AV RAMMEVILKÅRENE

- a) Lokaler og undervisningsutstyr

Ingen merknader.

- b) Andre forhold

Ingen merknader.

3. FAGLÆRERS KOMMENTAR TIL ÅRETS STUDENTEVALUERING(ER) (REFERANSEGRUPPEMØTET)

- a) Metode - gjennomføring

Elektronisk spørjeundersøking mellom studentane

- b) Oppsummering av innspill

I totalvurderinga - «hvordan synes du gjennomføringen av dette emnet har vært?» -



har 2/3 (45 av 68) svart «bra», 1/3 (23 av 68) «middels» og ingen «dårlig» eller «vet ikke».

På eit meir konkret plan sprikar synspunkta om kva ein eventuelt ønskjer endra på, noko som ikkje er uvanleg.

c) Eventuelle tiltak iverksatt i løpet av kurset

Ingen særlege.

4. OPPFØLGING AV FJORÅRETS EVALUERING

Dette er gjort greie for ovanfor. Hovudsakleg gjaldt dette justeringar i opplegget for storgruppessamlingane.

5. FAGLÆRERS SAMLEDE VURDERING, INKL. FORSLAG TIL FORBEDRINGSTILTAK

Som heilskap har kursopplegget fungert bra og den praktiske gjennomføringa har ikkje bydd på særlege problem. Kommunikasjonen med arbeidsgruppeleiarane har vore god. Rettleiinga til arbeidsgruppeleiarane vart revidert for å rette opp uklare punkt, etter innspel under førre kurs. Nye innspel er komne i løpet av dette kurset og vil bli tekne omsyn til ved førebuinga av neste års opplegg. Det var to fellesmøte mellom den kursansvarlege og arbeidsgruppeleiarane, og det vart understreka at terskelen for å ta kontakt elles skulle vere låg. Fleire nyttar seg av dette.

I lys av at det under hovudlitteratur blir vist til fleire bøker som det blir henta eit avgrensa sidetal frå, kan bruk av kompendium vere eit studentvenleg alternativ. Dette bør vurderast nærmare i forkant av neste års kurs.

Oppgåvesettet som blir brukt i arbeidsgruppene, synest no å fungere godt ut frå dei tilbakemeldingar som er komne. I utgangspunktet er dette difor tenkt vidareført, med nødvendige justeringar i lys av rettsutviklinga.

Slik oppgåvesettet no er skrudd saman, er det ganske nødvendig å halde på opplegget med at førelesingane kjem tidleg i kurset. Dette fordi ein tidleg presenterer samansette problemstillingar der «alt henger sammen med alt».

Mitt inntrykk er at dei endringane som er gjort på storgruppessida har vore vellukka. Spørjeundersøkinga indikerer også dette, men her er det overraskande få respondentar spesifikt om storgruppeundervisninga. Storgruppeleiarane får skriftleg rettleiing til oppgåvane og tilbod om å delta i førebuingsmøte før samlingane.

Internasjonalt rettsstoff fekk ein klart sterkare plass allereie i 2015-kurset enn tidlegare, og ytterlegare større plass under 2016-kurset, noko som er vidareført i 2017. Denne gradvise utviklinga vil halde fram.

Edublogs vart førre året brukt for spørsmål og verka då som eit demokratiserande element. Ei tilsvarande løysing på Mitt UiB – med rom for anonyme innspel – er sakna.